

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillege organisasjonar 2020

Ramme: 872.762.-kroner
Søknadsfrist: 8. mars 2020

Hovudmål for ordninga

Hovudmålet for tilskotsordninga er å auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrarar og barna deira.

Kven kan søkje?

Lokale frivillege organisasjonar som er registrert i Frivillighetsregisteret kan søkje. Med frivilleg organisasjon meiner ein verksemdar som driv frivilleg virke på ikkje-fortenesestebasert og ikkje-offentleg basis.

Målgrupper

Målgrupper for ordninga er innvandrarar, herunder flyktningar, familieinnvandrarar og arbeidsinnvandrarar, samt bebuarar i asylmottak og øvrig befolkning i lokalsamfunn.

Kven forvaltar ordninga?

Tilskotsordninga vert forvalta av IMDi og 20 kommunar. Kommunane forvaltar 60 % av tilskotsmidla, og midlane vert fordelt mellom kommunane i forhold til kommunane si innvandrarbefolkning.

Kva søknader skal til kommunen?

Organisasjonar som er registrert i Ålesund kommune kan søkje kommunen om støtte til lokale tiltak og prosjekt. Lokale innvandrarorganisasjonar kan søkje om driftstøtte frå kommunen. Driftstøtte vert tildelt etter formelle kriterier og vegleiande satsar.

Kva søknader skal til IMDi?

Organisasjonar i kommunen som søker støtte til prosjekt av *nasjonal karakter* skal søkje IMDi (sjå nærare informasjon og krav til slike prosjekt på www.imdi.no).

Kriterium for ordninga:

- Innvandrarar (barn og vaksne) deltar i fellesskap og aktivitetar i regi av frivilleg verksemd som er med på å bygge bru mellom ulike grupper i lokalsamfunnet
- Innvandrarar i kommunen får supplement til offentleg kvalifisering og opplæring: Norsktraining, kunnskap om norsk arbeidsliv og/eller arbeidsretta tiltak
- Innvandrarar frå land der negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og/eller kjønnslemlesting kan gå føre seg, får kunnskap om: konsekvensar av negativ sosial kontroll, foreldrerolla og barn sine oppvekstvilkår i Norge, menneskerettar og norsk lov, barn og unge sine rettigheter og retten til å ta sjølvstendige val

Det kan søkjast om støtte til prosjekt med fleire kriterium

Det kan søkjast støtte til prosjekt, enkelttiltak og aktivitetar som retter seg mot eitt eller fleire av kriteria nemnd ovanfor.

Prosjekt av nasjonal karakter

Søknader av nasjonal karakter skal sendast til Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.

Dette er:

- Prosjekt i regi av sentralleddet i landsdekkjande frivillege organisasjonar, herunder organisasjonar som har intensjonsavtale med IMDi. Her omfattast også søknader om midlar som skal vidarefordelast til lokalforeningar via organisasjonane sine sentralledd (gjeld ikkje lokalforeningar i dei 20 ovannemnde kommunane).
- Prosjekt som skal utvikle metodar og samarbeidsformer som har overføringsverdi til organisasjonar/prosjekt i resten av landet.

Kva kan støtta brukast til?

Støtte til prosjekt omfattar tiltak/aktivitet og nødvendig administrasjon av desse i frivillige organisasjonar, inkludert prosjektleiing og medarbeidarar. Det omfattar også innkjøp av utstyr som er nødvendig for gjennomføring av aktiviteten/tiltaka. Prosjektmidla kan ikkje brukast til investeringar, anskaffingar og generell drift av organisasjonane.

Det vert ikkje gitt støtte til tiltak som går føre seg utanfor Norge. Det vert heller ikkje gitt støtte til konferansar, seminar og liknande retta mot det offentlege i Norge.

Kva prosjekt/tiltak/organisasjonar får støtte?

Når IMDi eller kommunen skal velje kva søkjarar som skal gis tilskot er følgjande viktig:

- At skildringa av måla for prosjektet/tiltaket er tydelege
- At måla for prosjektet/tiltaket er konkrete og målbare
- Tydeleg skildring av målgruppa og målgruppa sine behov
- Ein realistisk framdriftsplan
- Eit realistisk og hensiktsmessig budsjett med samsvar mellom søknadssum og prosjektets resultatmål
- At søkjar/organisasjonen har kompetanse og erfaring på området
- At tiltaka er tilpassa målgruppa når det gjeld alder, kjønn og nasjonal bakgrunn
- Organisasjonen sitt nettverk, forankring, og gjennomslag i aktuelle miljø/lokalsamfunn
- At det er ei viss grad av frivillig innsats i tiltaka
- At søknaden legg opp til samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, offentlege etatar og andre frivillige organisasjonar, når det er relevant for gjennomføring av tiltaka
- Kunnskap om og evne til å implementere relevante metodar og aktivitetar (gjeld prosjekt kor det er nødvendig med særskilt metodekunnskap, til dømes norsktrening)
- Prosjektet har overføringsverdi og at det vert lagt til rette for deling av erfaringar og resultat (gjeld prosjekt kor det er aktuelt, til dømes utprøving av nye metodar)
- Tiltakene bidrar til felles møteplasser mellom majoritetsbefolkningen og innvandrergupper

Tildelingskriterier for driftsstøtte til lokale innvandrersorganisasjoner:

- Lokale innvandrersorganisasjonar må ha eksistert i minimum eitt år, ha minst 30 betalande medlemmar for å kunne få støtte.
- Tildelinga vert basert på talet av betalande medlemmar busett i kommunen, det vil seie medlemmar som har betalt medlemskontingent via bank til organisasjonens konto. Organisasjonane må legge fram medlemsliste ved søknad.
- For å motta driftsstøtte skal lokale innvandrersorganisasjonar i tillegg bidra aktivt til å oppnå mål for ordninga
- Driftsstøtte vert ikkje gitt til trus- og livssynssamfunn som mottar statleg støtte over ordninga for tilskot til trus- og livssynssamfunn utanom den norske kyrkja.

Kor mye kan det søkjast om?

Det kan gis støtte til prosjekt med årleg budsjett på inntil kr 80.000, og til enkelttiltak og aktiviteter på minimum 10 000 kroner. Driftsstøtte skal lokale innvandrарorganisasjonar tildeles etter vegleiane satsar:

- Under 30 medlemmer: 25 000 kroner
- Mellom 30 og 80 medlemmer: 50 000 kroner
- Over 80 medlemmer: 75 000 kroner

Krav til søknadens form og innhold

Søknad til kommunen sendes via eige søknadsskjema/ via kommunens søknadsportal.

Søknaden skal innehalde følgjande opplysningar:

Om søkjar:

- Søkjars navn
- Adresse, telefonnummer og e-postadresse
- Organisasjonsnummer
- Kontonummer for overføring av tilskot
- Kontaktperson(ar)
- Vedtekter (vedleggjast søknaden)
- Søkjars forutsetningar/kompetanse for å gjennomføre prosjektet/tiltaket? (Seinaste årsberetning/regnskap vedleggjast)
- Har søkjar tidlegare gjennomført liknande tiltak?

Om prosjektet/tiltaket:

- Målsetting og grunngjeving i høve føremålet med tilskotsordninga
- Målgruppe og geografisk område
- Plan for gjennomføring (herunder tiltak og samarbeidspartnarar)
- Mulegheit for koordinering med andre organisasjonar
- Tidsplan for gjennomføringa
- Forventa resultat

Finansiering:

- Budsjett for tiltaket/prosjektet
- Finansieringskjelder for prosjektet
 - Søkjars eigenandel
 - Kva beløp har søkjar søkt om frå andre offentlege myndigheiter
 - Ev. andre inntektskjelder
 - Dersom vierksemda driv økonomisk aktivitet skal det opplysast om dette.

Søknaden skal godkjennast av organisasjonen sin leiar .

Rapportering

Tilskotsmottakar skal sende inn årsrapport til kommunen. I rapporten må organisasjonen skildre arbeidet sitt og korleis aktivitetane/tiltaka har vore med på å nå måla for ordninga.

Tilskotsmottakar skal også levere ein regnskapsrapport som skal vere utarbeida etter regnskapslova sine retningsliner. Tilskotsmottakarar som mottar støtte på kr 100 000 eller meir skal sende inn årsregnskap som skal vere revidert av registrert eller statsautorisert revisor.

Nærare rapporteringskrav vil gå fram av tilskotsbrev til søkjar som får innvilga støtte.